

RÅD OG TIPS TIL BU OG VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE BUSTADAR

Det er viktig å ha eit godt innemiljø i eit hus. Eit godt innemiljø omfattar alle fysiske og kjemiske forhold som påvirker oss inne. Godt innemiljø er viktig for helse, trivsel og læringsevne. Høg fuktigheit kan føra til muggvekst (sopp). Mugg og høg luftfuktigheit kan føra til helseplagar. Det anbefalast at luftfuktigheiten blir holdt så låg som mulig. For å klara det, er det viktig at leigetakar føl tips og råd som BKE beskriv i brosjyren.

1. VENTILASJON

Formålet med ventilasjon er å få ei frisk og god luft inne i bustaden. Det vil seia at fuktig luft frå dusj, matlaging osv. får komma ut.

I nokre av bustadane til BKE er det ikkje ventilasjonsanlegg, her er det spesielt viktig at leigetakar er med å hjelper til med å danne frisk luft i huset. Nokon enkle tips for det er:

- ▶ Bustadar med mekanisk avtrekk over komfyr (ovnshette), skal stå på det lågaste nivået. Dersom det skal lagast mat, skru styrken på avtrekksvifta opp.
- ▶ Helst ikkje heng opp tette gardiner, dersom det blir hengt opp, dra dei vekk frå glaset på dagen slik at det kjem inn dagslys og varme.



- ▶ Høg innetemperatur vil gi fuktig og dårlig luft. Ein fornuftig innetemperatur er 22,5 grader.

- ▶ Tørk klede på ei klessnor utanfor bustaden på sommaren. Om det ikkje er fuktigt i lufta ute på haust og vinter, er det muligt å tørke klede ute heile året.



- ▶ Skal klede tørkast inne, ha vifta på eller vindauge ope.
- ▶ Bruk 10 min kvar morgon til å opne vindauge på alle soverom og luft ut.

I dei nyare bustadane til BKE er det balansert ventilasjon som gjer det lettare å halda ei god luft inne. Men det er òg her viktig å følgja nokon enkle tips:

- ▶ Nye bustadar har elektriske vifter som gjer at lufta inn og ut styrast automatisk, leigetakar skal ikkje stille på elektriske vifter.
- ▶ I bustaden er det små ventilasjonsventiler i taket i alle rom, her kjem det luft inn og ut automatisk, leigetakar skal ikkje tette disse.
- ▶ Ventilane på veggjar må IKKJE skrus igjen, dei skal vere opne som vist på bilete.



- ▶ Systemet har òg filter som må skiftes 1 gang pr. år. Dette ordnar BKE.
- ▶ Det er og viktig i nye bustadar å opne vindauge på soverom og lufte ut i 10 min.

2. REINHOLD

Støv er bittesmå glidefly, hangglidere eller paraglidere lasta med kjemiske stoffer som kan komma heilt inn i oss, og det er ikkje bra. Svevestøv pustast inn og kan bety mykje for helsa eller sjukdom. På kjøkken er det ekstra viktig med eit godt reinhold, dette for å unngå at det kjem skadedyr som til døme kakerlakker. Riktig reinhold er difor eit meget viktig element i arbeidet for eit godt og sunt innemiljø.

Gode råd til eit godt reinhold:

- ▶ Mat må ikkje oppbevarast nær golvet. Skal vera i kjøleskap eller i tette boksar.
- ▶ Fjern matrestar på kjøkkenbenk kvar dag.
- ▶ Vask bustaden innvendig (tørk støv og vask gulv) kvar 14. dag.
- ▶ Vask vegger og tak med såpe og fuktig fille 1 gong pr. år.
- ▶ Parkettgulv (tregulv) skal ikkje vaskast med mykje vatn, filla skal berre fuktast med vatn og såpe. Dersom det er flekker, gå over med ein anna klut og fjern dei.
- ▶ Gulvbelegg og flisegulv kan vaskast med vanlig mengde vatn, filla skal dyppast i vatn med såpe til den blir gjennomvåt, for så å vri den.
- ▶ Dersom det sølast vatn på gulv, tørk det opp med det same.
- ▶ Vatn på badegolv må tørkast opp.
- ▶ Dei som har varmpumpe må støvsuge denne jevnleg, min. 2 gonger pr. år (vår og haust).
- ▶ Vaske kjøkkenvifta 4 gongar i året.
 - I kjøkkenvifta er det filter som er plassert inni sjølve vifta. Dette kan takast ut for å vaskast. Filteret skal vaskast i oppvaskemaskin eller gjennomspylast med såpe og vatn. Dette vil gi betre luft og førebygga brann i viftekanal og hus.

3. VEDLIKEHALD

Formålet med å definere vedlikehaldsansvar er å sikra at bustaden held ein jevn god standard, og at leigetakarane har eit sunt bumiljø både ute og inne.

Leigetakar sitt ansvar for å vedlikehalde:

Inne:

- ▶ Rensa sluk i dusjen, 2 gongar pr. mnd.
 - Ta rista vekk og fjern skit og alle hår. Vask ned i sluken og rista før den leggast på plass.



- ▶ Bytta lyspærer ute og inne.
 - Dersom eit lys eller lampe ikkje virkar lenger, er det ofte lyspæra i lampen som er brukt opp. Då må leigetakar ta av skjermen/kuppelen til lampa, ta ut den gamle lyspæra og sette i ny. Lyspære får ein kjøpt på daglegvarebutikkar.
- ▶ Bytta batteri i brannvarslar 1 gang pr. år.
 - Batteri kan kjøpast i daglegvarebutikken.
- ▶ Smørjing av låsar.
 - Dersom ein lås er treig og det blir vanskeleg å vri nøkkelen rundt, må den smørast med låsolje. Låsolja får ein kjøpt i daglegvarebutikken.
 - Dersom det knirkar i ei dør når den opnast og lukkast, må dørhengsla smørast.

Ute:

- ▶ Klippa plen og evt. ordne bed og buskar.
 - BKE har plenklippar som leigetakarar kan få låne. Ta kontakt dersom det ikkje er plenklippar i huset ditt.
 - Dersom det er fleire leigetakarar som deler plen, er det leigetakar sitt ansvar og sette opp ei fordeling på kven som skal klippa plenen, det er eit felles ansvar.
 - Dersom det er bed utanfor huset, skal det haldast vedlike med å fjerne ugras og klippa buskar/planter.
- ▶ Ta bort søppel som ligg rundt bustaden.
 - All søppel skal kastast i avfallsdunkar som er plassert til kvart hus. Dersom det manglar avfallsdunkar, ta kontakt med BKE.
- ▶ Kildesortering av søppel (sjå forklaring under pkt. 4).
- ▶ Strø og snømåking ved behov. Slik at det er muligt for leigetakar og andre og komma seg til å frå huset.



BKE er ansvarleg for:

- ▶ Utvendig vask og maling av bustaden.
- ▶ Ved tvil, kontakt BKE tlf.: 53002500 eller post@bke.as.

4. SORTERING AV SØPPEL

Sortering vil seia å sortera avfall i ulike typar, slik at det kan gjenvinnast til råstoff for nye produkt på ein best mogeleg måte for miljøet. På SIM sine heimesider finn ein informasjon om kjeldesortering på ulike språk: <http://sim.as/ditt-avfall/kjeldesortering-pa-ulike-sprak/>

- ▶ Sortering av søppel er leigetakar sitt ansvar. Det er fire ulike avfallsdunkar:
 - Bioavfall (brunt lokk):
 - Matrestar av alle slag,
 - Kaffigrut
 - Kaffifilter
 - Teposar
 - Eggeskal

- Rester av reker og andre skaldyr
 - Visna blomar
 - Gamle potteplanter (utan potte)
 - Lauv og hageavfall
 - Sagflis
 - Kjøkkenpapir og papirserviettar
 - Eggekartong
 - Mindre mengder avispapir
 - Bein og fjær
 - Papiravfall (blått lokk):
 - Aviser
 - Reklamepapir
 - Vekeblad
 - Skrivepapir
 - Kopipapir
 - Konvoluttar
 - Pappesker
 - Kartong
 - Drikkekartongar
 - Restavfall (svart lokk):
 - Avfall det ikkje er sorteringsordning for
 - Spesialavfall (raud dunk): Leverast Sim Hollundsdaalen eller i raud dunk og leverer den til SIM Hollundsdaalen når den er full. Det er gratis å levere spesialavfall.
 - All slags batteri
 - Elektrisk avfall
 - Malingsrestar
- ▶ Rett søppeldunk må settast frem etter SIM sin kjøreplan.
- Link til kjøreplan for Bømlo kommune: <http://sim.as/min-kommune/?kommune-valg=bomlo>

Slik skal det IKKJE sjå ut:



Slik SKAL det sjå ut:



5. BRANN


Viktige tiltak:

- ▶ Pass på at skjøteledninger ikkje er skada og at det ikkje er mange ledningar som er kopla i saman.

Slik skal det IKKJE sjå ut:



Slik SKAL det sjå ut:



- ▶ Ikkje tørk klede oppå elektriske omnar.
- ▶ Slukk stearinlys når du går ut av rommet.
- ▶ Skift batteri i brannvarsler 1. gang pr. år.
 - Batteri til brannvarsler får ein kjøpt i daglegvarebutikken.
- ▶ Bruk kun vaskemaskin og tørketrommel når du er våken og tilstades.
- ▶ Sjekk brannvarsler 1 gong pr. mnd.
 - Trykk på testknapp på brannvarsleren for å høyre at den piper. Når det starter å pipe, slepp knappen så vil den slutte av seg sjølv.
- ▶ Snu brannslukkingsapparat 4 gonger pr. år. Pil skal stå på grønt i eit lite «ur» ved handtaket.
 - Ta pulverapparatet av feste på vegg og snu det opp ned eit par gongar.

